

Martin Toft

Redaktør for Uniforum, UiO,

Postboks 1070 Blindern, 0316 Oslo

Oslo, 6. oktober 2020

Fagpressa,

Akersgt. 43, 0158 Oslo

Sluttrapport frå seminar om konstruktiv journalistikk for Uniforum, Universitetsavisa og Apollon

Vinteren 2020 fekk me ei tildeling på 30 000 kroner frå kompetansestøtteordninga til Fagpressa. Pengane skulle nyttast til eit seminar om konstruktiv journalistikk og andre aktuelle tema for dei tre redaksjonane til Apollon, Uniforum og Universitetsavisa.

På grunn av koronapandemien var det ikkje mogleg å halda seminaret før 17. og 18. september 2020. Men då klarte me å arrangera eit fysisk seminar i Domus Juridica i Oslo med til saman 10 deltakarar.

Den første dagen var sett av til eit foredrag om konstruktiv journalistikk ved NRK-journalist Vigdis Holmaas og om debattjournalistikk ved debattredaktør Erik Tornes i Aftenposten.

I foredraget sitt gjekk Vigdis Holmaas inn på korleis fleire journalistar hadde starta ei verdsomfemnande rørsle for konstruktiv journalistikk. Utgangspunktet var at færre og færre får tillit til journalistikk, samtidig som fleire og fleire ofte får feil informasjon frå sosiale media. Mange stader blir også journalistar skulda for å ta side i ein konflikt, noko som kan føra til populisme og polarisering. Vigdis Holmaas brukte kortversjonen av Reuters Institute's digitale rapport for å få fram korleis situasjonen for journalistikken er i verda i dag.

(<https://www.youtube.com/watch?v=gtkiRJwSN10>)

Derfor definerer dei som står bak den konstruktive journalistikken som ein journalistikk som kan visa fram løysingar, peika på ting som kan gi positive konsekvensar for mange og som

kan byggja opp demokratiet i staden for å riva det ned. Det står likevel ikkje i motsetning til gravejournalistikk eller kritisk journalistikk. Alle variantane utfyller kvarandre, blei det understreka. Vigdis Holmaas trekte fram NRK-korrespondentane Tømm Kristiansen og Sidsel Wold som gode eksponentar for konstruktiv journalistikk ved at dei hadde gått bak nyhenda og fortalt kva som skjedde med personane fleire år etterpå. Eit døme var då Tømm Kristiansen først hadde laga ein reportasje om ei jente som var døden nær av svolt i eit land i Afrika. Over 20 år seinare møtte han henne igjen som mor til to barn og med ektemann. I tillegg trekte Holmaas fram Aftenposten Innsikt og journalist Ida Løvdahl Alvsen som har skrivne artikkelen, Konstruktiv journalistikk: Å se verden med begge øynene.

(<http://www.aftenposteninnsikt.no/kulturtrender/konstruktiv-journalistikk-se-verden-med-begge-ynene>) Samtidig viste ho til ein kronikk av Knut Olav Åmås i Aftenposten der han stiller spørsmålet «Tenk om journalistikken kom med løsnings – ikke bare konflikter»

Sjølv har Vigdis Holmaas skrivne boka «Konstruktiv journalistikk» for å forklara journalistar og andre kva det går ut på.

Interessa for foredraget hennar var stort, og ho trekte også fram gode døme på konstruktiv journalistikk frå universitetspressa, blant anna ein reportasje frå Universitetsavisa om korleis eit institutt hadde klart å skapa eit godt fagmiljø, medan andre ikkje hadde klart det.

Seinare på dagen gav dbattredaktør Erik Tornes i Aftenposten deltakarane innsikt i korleis debattredaksjonen jobbar for å få inn innlegg om aktuelle tema og korleis dei også må takka nei. Av og til samarbeidde dei også nært med nyhenderedaksjonen som nyleg då samferdsleminister Knut Arild Hareida kom med eit innlegg om korleis regjeringa ville skrota store delar av Nasjonal transportplan. Det blei også ein eigen nyhendereportasje i same avis.

Dei som tar kontakt får også beskjed om å formulera ei problemstilling på fem linjer om det som dei ynskjer å få fram i debattinnlegget sitt. På den måten blir det lettare for debattredaksjonen å vurdera kva innlegg dei skal ta inn, fortalde han. Dagleg får redaksjonen inn over 100 innlegg. Han oppfordra også alle i debattredaksjonen om å gå på minst eit seminar eller foredrag annakvar veke for å fiska etter innlegg frå ulike miljø.

Lærdommen vår er at ingen lesarinnlegg kjem av seg sjølv. Det er viktig å driva oppsøkjande verksemd.

Fredag 18. september kom Eva Sannum, medlem av kjeldeutvalet for å fortelja om dei endringane dei har gått inn for i Ver varsam-plakaten. Ho trekte fram at dei har vore opptatt av

å få med at dei som er urøynde med pressa, får beskjed om at dei kan be om sitat- og faktasjekk. Samtidig føreslår dei også at journalistane skal bli strengare på å bruka gåseauger på sitat som er sendt via epost, og ikkje gi rett til sitatsjekk på skriftelege svar. Samtidig skal journalistane vera pinleg nøyaktige når det gjeld å gjengi direkte sitat, meir etter den anglosaksiske tradisjonen. Eva Sannum gjekk gjennom dei ulike punkta i Ver Varsam-plakaten som utvalet har føreslått å endra, blant anna bruken av anonyme kjelder, klargjering av premissane for eit intervju, t.d. om sitatsjekk og kva tidsfrist som gjeld, men også presiseringa av at ingen **utanforståande** har rett til å få utlevert upublisert materiale. I tillegg har utvalet også føreslått å ta med eit punkt om at journalisten må vera «aktpågivende ved bruk av sosiale medier som kildegrunnlag». Til slutt kom Eva Sannum med ei påminning om kven presseetikken er til for, at den er der for å skapa tillit mellom presse og publikum.

Det siste foredraget var det NRK-journalist Vegard Venli som heldt. Det handla om korleis det er mogleg å finna gode nyhende i offentlege journalar. Venli kom også med tips til korleis journalistane kunne ta i bruk ulike søkjeord for å finna dei beste sakene i eInnsyn. Sjølv brukte han søppelskandalen i Oslo og den manglande oppfylginga av arbeidsmiljølova som døme på korleis dei hadde funne fram til den saka ved å søkja på Arbeidstilsynet sine dokument. Også han hadde erfaring med at mange sakshandsamarar trenerte utleveringa av dokumenta. Rådet hans var at alle journalistar burde skaffa seg nokre gode kontaktar i arkivet eller i administrasjonen som kunne hjelpa dei litt med å losa dei gjennom dokumentjungelen og finna dei gode sakene. Oppfordringa hans var at journalistar måtte stå på og senda inn klager kvar gong dei fekk avslag. Eit anna tips var å søkja om 5 dokument for dagen og bruka faste søkjeord og ha dei som favorittar.

Torsdag kveld hadde me ei sosial samkome for alle deltakarane. Først med omvising i og utanfor universitetsbygningane i sentrum. Deretter med ein felles middag.

Alle gav gode tilbakemeldingar på seminaret. Det som me kan læra til neste gong, er det vil vera plass til ein ekstra foredragshaldar den første dagen. Elles fungerte det heilt fint å ha eit fysisk seminar i ei koronatid.

Hjarteleg helsing

Martin Toft

